

---

**Fra:** Alexander <alexander.helle@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 18. oktober 2018 16:02  
**Til:** Eirik Bouwer Utne  
**Emne:** Spørsmål om bruk av kulturmidler til kulturminnevern

Viser til søknad om tilskot til kulturminnevern sendt 1. mars 2018, og vedtak i saksnr 21/2018, arkivsakid 17/3073

Underteikna fekk tilslag på søknad om tilskot til vøling av Maskinhuset, som var ein del av Fureskjeggets garveri. Sidan me fekk tilslag på deler av søknaden har byggmester Hans Joar Vårdal var på synfaring, og det vart deretter laga ein tiltaksplan som me har arbeid etter. Prioritet nummer ein har vore å sikra bygget mot vidare forfall gjennom å hindra regnvatten i å koma inn i bygget.

Ved synfaring med Arild Sætre frå Museumssenteret 10. september kom det fram at setningsskadar og råte i konstruksjon var større enn me ved innsending av søknaden hadde tatt høgde for. Me fekk difor råd av Arild om å innhenta faglege råd om vidare prioritering av tiltak, samt få laga ein revidert framdriftsplan med kostnadsoverslag (noko som også kan gje oss grunnlag for framtidig søknad til til dømes kulturminnefondet).

Firmaet Gamle3hus, som er totalentreprenør for rådgivning og praktisk arbeid på antikvariske bygninger og kulturminnefaglige spørsmål, har sagt at dei kan ta på seg dette oppdraget, og kan koma på synfaring alt måndag 22. oktober.

Me vonar Meland kommune ved kulturkontoret kan gjera ei rask vurdering på om utarbeiding av ein tiltaksplan med kostnadsvurdering av tiltak kan dekkast av noko av kulturminnevernstilskotsmidla me fekk tilslag på.

Beste helsing  
Alexander Helle og Julie Tessem  
Fureskjeggvegen 71  
5919 Frekhaug  
tlf 93 83 28 58